

---

Vår referanse 2020/39599-6  
Dato 08.07.2021

---

Kjell Harald Nedreaas  
Askelandsvågen 58  
5993 Ostereidet

## Løyve til avkøyrslø på vilkår - Skogbruksavkøyrslø - Fv 5458 - gnr 16 bnr 2 - Lindås - Alver kommune

Vi viser til søknad oversendt drå Statens vagvesen 10.02.2020.

### **Vedtak**

Med heimel i veglova § 40 og § 43 gir vi løyve til etablering av avkøyrslø frå fylkesveg 5458 til eigeendom med gnr. 16 bnr. 2 i Alver kommune.

Avkøyrslø er ikkje lovleg før den er endeleg godkjent av Vestland fylkeskommune.

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkøyrslø fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964* og *forskrift om retningslinjer for behandling av avkøyrsløssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982*.

### **Vilkår for løyvet**

1. Avkøyrslø skal vera plassert i samsvar med situasjonsplan lagt ved løyvet. I tillegg skal ein følgje *Krav til utforming av avkøyrslø*, som ligg ved.
2. Løyvet gjeld skogbruksavkøyrslø for uthenting av tømmer.
3. Det må vere opparbeidd snuplass på eigen grunn, slik at det ikkje blir nødvendig å snu på offentlig veg.
4. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigeomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrslø, frisktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
5. Dersom avkøyrslø går over ei vegggrøft, må det leggjast eit røyr. Røyrret må vera tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftevatnet får renne unna. Røyrret må ha ein dimensjon som er tilstrekkeleg for å handtere venta vassmengder på staden. Sjå *Krav til utforming av avkøyrslø*.
6. Arbeidet må være starta opp innan tre - 3 - år etter at løyvet er gitt, om ikkje fell løyvet bort.
7. Så snart avkøyrslø er ferdig bygd, må det vedlagde skjemaet *Melding om opparbeidd avkøyrslø* underskrivast og sendast i retur for endeleg godkjenning.

Eigaren eller brukaren av avkøyrslø har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrslø* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til friskt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Vestland fylkeskommune trekkje tilbake løyvet

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrslø kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjoner/grave-og-framforingsloyve/>

### Bakgrunnen for vedtaket

Vestland fylkeskommune skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsløse frå.

Fartsgrensa på fylkesvegen er 50 km/t, og årsdøgertrafikken (ÅDT) er 400. Vegstrekninga er klassifisert til haldningsklasse «lite streng» jf. *Rammeplan 2021-2024, Haldningsklassar for - avkøyrsløse - dispensasjonar frå byggegrenser* som gjeld fylkesveg i Vestland fylke.

Vegen det er søkt om avkøyrsløse frå er relativt oversiktleg og har god sikt i begge retningar i omsøkte avkøyrsløsepunkt. Strekninga har nyleg blitt oppjustert i veglistene for køyretøy med vogntoglenge 19,5 meter. Under føresetnad av at dei tekniske krava til utforming vert oppfylte gjev vi løyve til opparbeiding av ny avkøyrsløse.

### Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Linda Beate Hjelmeland  
Senioringeniør

Silje Svanevik-Røren  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

- 1 Situasjonsplan
- 2 Krav til utforming
- 3 Melding om opparbeidd avkøyrsløse

Kopi til:

ALVER KOMMUNE Postboks 4

Solfrid Kvamme